



**Registrering av biologisk mangfald og vurdering
av skjøtselsbehov for fire prioriterte
naturtypelokaliteter innan Romsdalen
landskapsvernområde**

BIOREG AS

Rapport 2011:34

Utførende institusjon: Bioreg AS http://www.bioreg.as/	Kontaktpersonar: Finn Oldervik	ISBN-nr. 978-82-8215-181-8
Prosjektansvarleg: Finn Oldervik 6693 Mjosundet Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: finn@bioreg.as	Oppdragsgjevar: Kontaktutvalet for Reinheimen (KUR) ved Trond Stensby	Dato: 07.11.2011
Referanse: Oldervik, F.G. & Folden, Ø. 2011. Registrering av biologisk mangfald og vurdering av skjøtselsbehov for fire naturtypelokalitetar innan Romsdalen landskapsvernområde. Bioreg AS rapport 2011 : 34. ISBN; 978-82-8215-181-8.		
Referat: Rapporten skildrar fire prioriterte naturtypelokalitetar innan Romsdalen landskapsvernområde, - tre naturbeitemarkar i Brøstdalen øvst i Romsdalen og ei slåttemark på Alnes omlag midtveges oppe i dalen. Rapporten gjer greie både for det biologiske mangfaldet og kjem med framlegg om ymse skjøtselstiltak som vil vera med å taka vare på verdiane knytt til dei fire lokalitetane.		
6 emneord: <ul style="list-style-type: none"> Kulturlandskap Landskapsvernområde Naturtype Naturbeitemark Skjøtsel Slåttemark 		

Figur 1. Foto; Bioreg AS 02.09.2011. Biletet er tatt ved våningshuset på Sjugurgarden og viser deler av ei artsrik beitemark på staden.

Innhald

Innhald	3
Føreord	4
Innleiing	5
Metode	6
1. Brøstdalen; Kabben	7
Kjelder	10
Litteratur:	10
Munnlege kjelder:	10
Internett:	10
Ortofoto/kart	11
Bilete	11
2. Fremmerbrøste; Horgheim/Holesetra	15
Kjelder	17
Litteratur:	17
Munnlege kjelder:	17
Internett:	17
Ortofoto/kart	18
Bilete	18
3. Fremmerbrøste; Sjugurgarden	21
Kjelder	23
Litteratur:	23
Munnlege kjelder:	23
Internett:	23
Ortofoto/kart	24
Bilete	24
4. Alnes; Selen, nordre	27
Kjelder	28
Litteratur:	28
Internett:	28
Ortofoto/kart	29
Bilete	29

Føreord

Kontaktutvalet for Reinheimen (KUR) har sett i gang arbeid med å utarbeida skjøtelsesplanar for verneområda i Reinheimen. Verdfulle naturtypelokalitetar i Romsdalen landskapsvernområde er prioritert i 2011. I samband med dette er Bioreg AS engasjert for å gjera oppfølgjande registreringar og vurderingar av følgjande lokalitetar, nemleg; Sjugurgarden, Horgheimsetra, Kabben og Selen nordre. Dei tre første er naturbeitemarkar vurdert å ha A-verdi, medan den siste er ei slåttemark av B-verdi.

Dei gjeldande skildringane i naturbase av dei fire naturtypelokalitetane er alle omlag frå årtusenskiftet og slik m.a. lite i samsvar med retningslinene for obligatoriske overskrifter for dei ulike avsnitta som no gjeld. Det har difor vore eit ganske omfattande arbeid å oppdatere desse skildringane. Vi har også vore på vitjing på alle dei fire lokalitetane to gonger, den første sist i juni og den andre først i september. Diverre har det ikkje passa slik at nokon av brukarane/eigarane har hatt høve til å delta på nokon av dei naturfaglege undersøkingane. Vi har likevel fått snakka med dei fleste aktuelle personane, til dels på førehand, men også i ettertid.

Dei tre beitelokalitetane ligg alle oppe i Brøstdalen i nærleiken av Ulvåa og kan alle seiast å vera ein del av eit heilskapleg seterlandskap, sjølv om det no er berre på den eine av stølane at det endå er aktiv stølsdrift (Kabben). Slåttemarka ligg på Alnes omlag midtveges oppe i hovuddalføret.

I tillegg til at vi har oppdatert lokalitetsskildringane for Naturbase, så har vi også utarbeidd artslister, i tillegg til at vi har kome med framlegg om ymse skjøtselstiltak for å ta vare på det biologiske mangfaldet på den einskilde lokaliteten. Medfølgjande kvar einskild lokalitetsskildring er det også ein del bilete som m.a. skal dokumentera tilstand og generelle naturtilhøve.

Vi vil med dette få takke Kontaktutvalet for Reinheimen (KUR) v/Trond Stensby for oppdraget og for eit godt samarbeid om prosjektet. Så vil vi også rette ein takk til dei mange brukarar og eigarar, samt alle andre lokalkjende som har vore med kasta ljøs over fortida og brukssoga til dei fire aktuelle lokalitetane. Ein særskild takk til Lisbeth Lislien for grei orientering om seterlivet på Kabben omlag frå 1930 og til dags dato.

Mjosundet i Aure 7. november 2011

Tingvoll 7. november 2011

For Bioreg AS

Finn Gunnar Oldervik

Øystein Folden

Innleiing

Dei nasjonale strategiske måla for naturens mangfald er formulert slik i St. meld. nr. 26 (2006-2007):

- Naturen skal forvaltast slik at artar som finst naturleg vert sikra i levedyktige bestandar, og slik at variasjonen av naturtypar og landskap vert oppretthalde og gjer det muleg å sikra at det biologiske mangfaldet framleis kan utviklast.
- Noreg har hatt som mål å stogga tapet av biologisk mangfald innan 2010.

Målformuleringane omfattar artar, og variasjonen innan artene, og naturtypar. Naturen er dynamisk og eit visst tap av biologisk mangfald er naturleg. Målsettinga må tolkast slik at det er tapet av biologisk mangfald som skuldast menneskeleg aktivitet som skal opphøyre.

Seinare har vi fått Naturmangfaldloven av 19. juni 2009. Der heiter det m.a. (§ 1) at:

”Føremålet med denne loven er at naturen med sitt biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosessar vert teke vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gjev grunnlag for menneska sin verksemd, kultur, helse og trivsel, no og i framtida, også som grunnlag for samisk kultur.”

I DN-handbok 17 som omhandlar *områdevern og forvaltning* er Naturmangfaldloven utdjupa relatert til desse punkta. M.a. vert det poengtert at loven oppgjev særskilde mål for områdevern i § 33. I følge avgjerda skal verneområde bidra til å ta vare på;

- a) variasjonsbreidda av naturtypar og landskap,
- b) artar og genetisk mangfald,
- c) truga natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar,
- d) større intakte økosystem, også slik at dei kan være tilgjengelege for enkelt friluftsliv,
- e) område med særskilt naturhistoriske verdiar,
- f) natur prega av mennesket sin bruk gjennom tidene (kulturlandskap) eller som også har kulturhistoriske verdiar, og tilrettelegging for bruk som er med på å oppretthalda naturverdiane,
- g) økologiske og landskapsmessige samanhengar nasjonalt og internasjonalt, eller
- h) referanseområde for å følge utviklinga i naturen.

I samband med dette arbeidet som no er gjennomført for å oppdatera og dokumentera biologiske verdiar og tilstand for dei fire aktuelle lokalitetane, er det særskild grunn til å merkja seg punkt f). Her seiest det tydeleg at det er bruken som skal vera med å oppretthalda naturverdiane på slike område, -- og dette gjeld så vel naturbeitemark som slåttemark.

I kapittel 5.4.2 som omhandlar kriterium for å velja ut område med behov for økologisk skjøtsel heiter det:

Etter DN sin strategi for bruk av tiltaksmidlar i verneområde vert følgjande område prioritert for skjøtselstiltak (lista er i uprioritert rekkefølge):

- Verneområde med nasjonalt truga eller sårbare naturtypar som er avhengige av skjøtsel.
- Verneområde med raudlisteartar som står i fare for å forsvinna frå området dersom det ikkje blir gjennomført skjøtselstiltak.
- Verneområde med natur- og kulturlandskapsverdiar som er typiske, eller representative for ein region.
- Verneområde av særskild internasjonal verneverdi.

Ein kan vel med ein viss rett hevda at dei fire lokalitetane som er skildra her oppfyller fleire av desse føresetnadane.

Metode

Arbeidet med lokalitetsskildringane og framlegg til skjøtselstiltak er utført i samsvar med følgjande retningslinjer og handbøker:

- DN-handbok 17-2008 rev 2010 - Områdevern og forvaltning, kap. 5.4.2 Kriteriar for å velgja ut område med behov for økologisk skjøtsel.
- Direktoratet for Naturforvaltning, 1999. Kartlegging av Naturtypar. Verdisetting av biologisk mangfald. DN-handbok 13 - 1999. Supplert og revidert seinast våren 2007.
- Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen, S. og Skjelseth, s. (red) 2010. Norsk raudliste for artar 2010. Artsdatabanken, Norge.

Datagrunnlag

Datagrunnlag er eit uttrykk for kor grundig utgreiinga er, men også for kor lett tilgjengeleg opplysningane som er naudsynte for å trekkja konklusjonar på status/verdi og konsekvensgradar er.

Generelt. Utanom den litteraturen som er nemnd innleiingsvis er vurderinga av noverande status for det biologiske mangfaldet gjort m.a. med støtte i ymse relevant namnsetjingslitteratur som Lid & Lid (2005) (karplanter), Krog et al (1994) (Norske busk og bladlav), Holien & Tønsberg (2006) (Norsk lavflora), Smith (2004) (bladmosar), Damsholt (2002) (levermosar), Boertmann (1995) (vokssoppar), Noordeloos (2004) (raudskivesoppar) med mykje meir.

Konkret. Direktoratet for naturforvaltning sin Naturbase er sjekka for tidlegare registreringar, samt at ein har sjekka Artsdatabanken sitt artskart (<http://artsdatabanken.no>). Også ymse herbarium er sjekka for moglege belegg av interessante artar. I tillegg er det gjort to naturfaglege undersøkingar av Finn Gunnar Oldervik og Øystein Folden. Ved det siste høvet deltok også Oddvar Olsen frå Volda. Den første naturfaglege undersøkinga vart utført den 25.06.2011, medan den siste vart gjort den 02.09. s.å.

Dei naturfaglege undersøkingane vart gjort under gode ver- og arbeidstilhøve og med god sikt. Ved den første undersøkinga konsentrerte ein seg mest om kartlegging av karplantefloraen og om tilstanden generelt for dei ulike lokalitetane. Ved den andre var ein også litt fokusert på karplantefloraen, men hovudsakleg på eventuelle førekomstar av beitemarksoppar. Dessutan var skjøtselstilstanden i fokus. Dessverre var vi uheldig med val av dag for den siste registreringa, då det hadde vore nattefrost natta før. Dette gjorde det vanskeleg, for ikkje å seia umogleg å namnsetja mange av beitemarksoppene. På Kabben hamna vi midt oppe i sauesankinga, då tusenvis av sau passerte gjennom lokaliteten då vi var der. Dette vanskeleggjorde registreringa. GPS vart nytta for nøyaktig stadfesting av interessante funn.

For meir utfyllande stoff om skjøtsel, restaurering og hevd:

Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker er å finne på DN sine heimesider: <http://www.dirnat.no/content.ap?thisId=500034662&language=0>

1. Brøstdalen; Kabben

Brøstdalen: Kabben gnr 83.

Historisk samandrag

Kabben er ei seterrend der folk både frå Rauma og Lesja har seterrettar. Etter tradisjonen så vart staden rydda og oppdyrka kring 1813 av Ole Amundsen som gjekk under namnet Kabbin. Han ville etablere eit gardsbruk som kunne fø opptil 100 kyr her. Men i februar 1816 vart alle husa på garden tatt av ei snøfonn og 10 menneske omkom, deriblant Kabbin sjølv. Kabben har i ettertid vore bruka til setring og har hatt samanhengande drift sidan tidleg på 1800-tallet. Den er i dag den einaste setergrenda i øvre Romsdal som framleis har vanleg seterdrift. Her sel dei eigenprodusert rømme til forbi-passende turistar. Kabben setergrend har vore utsett for store omveltningar sidan staden vart rydda i 1813. Her har det vore snøras, jordras, brann og ombyggingar. Setergrenda er samansett av seks stølar, nemleg; Grøtta/Halsasetra, Nesstølen, Sæterbøsetra, Stavheimsetra, Motterudsetra og Mjelvasetra.

Grøtta/Halsasetra tilhørde opphavleg Arne Mjelva. Den var oppsett på Sæterbø sin grunn. Setra skifta eigar fleire gonger før den ble overtatt av gardane Grøtta/Halsa. Nesstølen var seter til Nesgarden på Åndalsnes. Den låg like ved Grøtta/Halsasetra og Sæterbøsetra. I dag er det berre rester igjen etter seterhusa her. På Stavheimsetra var det stølsdrift heilt fram til 1982. I 1920- og 30- åra hadde denne setra ein stor buskap og det vart produsert mykje ost og smør her. Motterudsetra hadde slik som Stavheimsetra ein stor buskap og også her var stor produksjon av ost og smør i 1920- og 30- åra. Siste året det var drift her var i 1964. Setra vart brannherja i 1965. Mjelvasetra på Kabben er nærast Brøste. Alf Kroken leigde Mjelvasetra frå 1948 og i mange år framover. Dei hadde både ku og geit. Sæterbøsetra er den setra som har hatt lengst seterdrift av alle setrene på Kabben. Den vart opphavleg kalla Sveastølen, men skifta namn da Anders O. Sæterbø kjøpte stølen av ein Sveen. Vinteren 1957/58 fall fjøset saman på grunn av mykje snø. Det vart bygd nytt seterhus og fjøs i 1960. Det har vore samanhengande seterdrift her heilt fram til i dag med produksjon og sal av rømme. (Kjelde; Romsdal.com). Det er Kabben og Hånådalen sameielag som har råderett over Kabben som beiteområde i dag. Beitelaget er leia av Pål Stavheim, Lesja tlf. 61 24 37 52.

Kabben som Naturtype.

Innleing: Den opphavlege skildringa vart laga i år 2000 av John Bjarne Jordal etter ei registrering den 21.06.2000. Jordal må sjølv ha oppdatert skildringa seinare, då eit funn frå juni 2001 er nemnd. Etter oppdrag frå KUR vart så lokalitetsskildringa oppdatert og justert i oktober 2011 av Bioreg AS m.a. for å vurdera om noverande skjøtsel er tilstrekkeleg for å ta vare på dei biologiske verdiane her. Utanom tidlegare naturfaglege undersøkingar, så vart oppdateringa gjort med grunnlag i to nye undersøkingar, den første 25. juni og den andre den 2. sep., begge i 2011.

Plassering og naturgrunnlag: Denne setergrenda ligg på nordvestsida av Ulvåa og på motsett side i høve Horgheimsetra. Bilvegen som kom omlag i 1960 stoppar ved Kabben, men det går sti på nordsida av Ulvåa innover mot Vakkerstøylen ved Ulvådalvatnet. I området rundt er det mest beitepåverka bjørkeskog med spreidd furu og litt myr. Berggrunnen i området er frå jordas urtid og består av grovkorna, granittisk gneis og gneisgranitt. Lokaliteten ligg i nordboreal (NB) vegetasjonssone og i overgangseksjon (OC) på grensa til svakt oseanisk seksjon (O1).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Vegetasjonen vekslar mellom bjørkeskog, småmyrer og beitebakkar rundt setrene. Beitemarkane har også vekslende fukttilhøve frå tørrbakkar til fukteng. Hovudnaturtypen her er naturbeitemark (D04) og utforminga er ein

mosaikk av ymse vegetasjonstypar som; Finnskjeggeng og fattig sauesvingeleng (G5b = finnskjegg-fjellmarikåpe-utforming) (D0405) 40 %, sølvbunkeeng (G3) (D0403) ca 15 %, frisk fattigeng (G4c = fjelltimotei-seterrapp-utforming) (D0404) 15 %, frisk/tørr, middels baserik eng i høgareliggende strøk og nordpå, dvs flekkmure-sauesvingel-eng (G8) (D0408) 10 %. I botnen fins stadvis bl. a. putehårstjerne (*Syntrichia ruralis*) og granmose (*Abietinella abietina*), begge vanlege artar på slike stadar, eit typisk trekk for litt tørre enger i indre delar av fylket. Elles er det ein del område som byrjar å få meir preg av å vera beita blåbærbjørkeskog av blåbær-krekling-utforming (A4c) (10 %), men dette er truleg eit negativt utviklingstrekk som skuldast mindre behov for ved til brensel og kanskje mangel på geiter som beitedyr ev generelt for få beitedyr. Mellom sjølve stølane og mellom stølane og elva er det gjerne innslag av litt høgstaudevegetasjon (10 %). Fordelinga mellom dei ymse vegetasjonstypane er gjort skjønnsmessig.

Artsmangfold: Jordal meiner at det særleg er tre funn som skil seg ut på denne staden, nemleg haustmarinøkkel (VU), ei naturengplante som i tillegg til Horgheimsetra berre er kjend frå ein annan stad i fylket, nemleg frå Middagshjellen i Grøvuvasdraget i Sunndal (Jordal & Gaarder 1993). Vidare handmarinøkkel (NT) og den sjeldne beitemarkssoppen trolljordtunge *Geoglossum simile* (NT). Haustmarinøkkel står oppført som sårbar på den norske raudlista, og er dessutan oppført på Bernkonvensjonens liste I over "Strictly protected flora species". Handmarinøkkel og trolljordtunge står som nær truga på raudlista. Trolljordtunge er knytt til fuktig beitemark, men er også funne i rikmyr. Denne arten har aldri tidlegare vore funne så høgt over havet (780 m). Inntil 2001 var det funne 8 artar av beitemarkssopp, 43 planteartar var registrert, m.a. marinøkkel (ca. 100 ind. i 2001), handmarinøkkel, haustmarinøkkel, dunkjempe, fjellnøkleblom, fjellrapp, kvitkløver, raudkløver, fjellarve, soleihov, fjellfiol, snøsøte og jonsokkoll.

I 2011 vart følgjande 65 planteartar registrert på stølen: Bakkesoleie, beitestorr, bekkeblom, bjørk, blokkebær, blåbær, blålyng, einer, engfrytle, engsmelle, engsyre, *finnskjegg*, fjellbjørk, *fjellgulaks*, fjellmarikåpe, fjellmarinøkkel, *fjellnøkleblom*, *fjelltimotei*, *flekkmure*, fugletelg, furu, geitrams, grønvier, handmarinøkkel, *harerug*, hårfrytle, jonsokkoll, kattedot, korallrot, kranskonvall, krekling, kvitsoleie, lappvier, liljekonvall, lækjeveronika, løvetenner, marikåper, *marinøkkel*, myrfiol, myrklegg, perlevintergrøn, ryllik, raud jonsokblom, raudkløver, røsslyng, setersmårve, *seterstorr*, skogfiol, skogminneblom, skogstjerne, skogstorkenebb, småmarinjelle, snauveronika, snøsøte, stemorsblom, stormarinjelle, svarttopp, sølvbunke, sølvvier, teiebær, tepperot, *tiriltunge*, tyrihjel, tytebær og vendelrot. Artar skrivne i kursiv er å rekna som karakterartar.

Av artar som ikkje kan relaterast direkte til beitemarka kan nemnast; Finpora vinterstilkjukje, sandjukje og sinoberjukje. Beitemarkssopp registrert den 2. sep. 2011: Kritvokssopp og kjeglevokssopp. (Hadde vore frost natta før).

Dei rikaste førekomstane av marinøkkelartar observert i 2011 blei funne på ein forstyrra stad tett ved vegen med det same han kjem opp bakken frå elva. Matjorda såg ut til å ha vore fjerna og noko som truleg var mager, men rik mineraljord hadde kome fram i dagen. Her såg marinøklane ut til å trivast og truleg var ikkje konkurransen frå meir nitrofile artar særskilt stor heller. Vegetasjon var glissen på denne vesle delokaliteten. Om vi har oppfatta artskart rett, så er dei tidlegare registreringane av marinøklar gjort litt nærare og nedstraums Ulvåa, men det spørst om det vart nytta GPS då funna vart registrert?

Bruk, tilstand og påverknad: Elisabeth Lislien (f. Kleven 1926) fortel at ho var med foreldra på setra første gongen i 1929 og har vore her dei aller fleste åra seinare, - for det

meste som budeie, - først for andre, seinare for eiga rekning (Sæterbøstølen). Ho meiner at bilvegen (inkl. bru) kom fram hit litt etter 1960 og at det fram til slutten av 1950-åra var slått på stølane her. Stølane var sjølvstøtt inngjerda også i den tida slik at krøttera ikkje skulle koma inn på slåttemarka før slåtten var ferdig. Elisabeth minnes at det kunne vera strevsamt å halda geitene utom stokkegjerdene, for dei klatra gjerne på desse. Stavheim – Lora lagra høyet sitt på stølen slik at dei hadde høyt til dyra om våren før groen var komen skikkeleg i gang, medan dei andre henta høyet til gards med hest og slede om vinteren. 26. juni 1960 var det fleire større jordras i Ulvådalen som m.a. også øydela eit par bygningar på Kabbstølen.

Tidlegare bruk: Opphavleg var det altså meininga at det skulle verta eit gardsbruk på Kabben, men som nemnd innleiingsvis vart planane brutalt forpurra av eit digert snøras som tok livet av 10 menneskje. Seinare har det vore stølsdrift her, - meir eller mindre samanhengande i snart 200 år. Det meste av tida, dvs. knapt 150 år, har slått kombinert med etterbeiting vore skjøtselsmåten på stølane på Kabben, berre dei ca 50 siste åra er det husdyrbeiting åleine som har vore måten innmarka her har vorte halden i hevd på. Det er truleg noko ulikt kor mange dyr som har beita på stølen og dyreslaga har kanskje også veksla litt. Vi vil likevel tru at det er mest storfe det er snakk om.

På 1950-talet var eit par av brukarane som pløyde opp ein del av stølane sine og sådde i grasfrø. Det var på Stavheim- og Mottrudsetra dei gjorde dette. Det pløyde området ligg sentralt i setergrenda på begge sider av vegen som er no¹. Dei hadde også slåmaskin på desse stølane. Mesteparten av graset på Kabben vart likevel slått med ljå. Slåtten tok slutt kring 1960 då dei byrja å senda mjølka med lastebil til meieriet. Etter den tid vart det og mindre med ysting, separering og kinning her oppe. Så lenge dei slo vart det nytta husdyrgjødsel på grasmarka på stølane, medan det aldri har vore nytta kunstgjødsel her etter det Elisabeth Lislien visste. Etter kvart som eigarane av dei ymse stølane avslutta stølsdrifta her oppe for godt, vart det mindre beitedyr og sidan beitedyra kunne gå fritt til dels utanom sjølve stølane vart det truleg aldri særskild hard beitepress her på Kabben.

Noverande bruk: I løpet av 1960-talet slutta dei fleste som hadde rettar på Kabben med stølsdrifta, men forutan på Sæterbøstølen, så dreiv dei heilt til 1982 på Stavheimstølen, - då var det slutt også der. Stavheim hadde mange beitedyr her også seinare, opptil 30 i talet i følge A. Lislien. Elisabeth Lislien dreiv tradisjonell sætedrift på Sæterbøstølen inntil 1997. Seinare har nevøen, Arnfinn Lislien drive med mjølkekyr, separering og kinning på denne stølen. Han driv med 5-6 mjølkekyr og omlag like mange ungdyr, slik at det til saman er ca 10-15 beitedyr på stølen no.

Lislien dreg vanlegvis til seters i månadskiptet juni-juli og held på omlag til 20. august. Elles opplyste Lislien at heile setergrenda vart inngjerda med saueneetting kring årtusenskiptet. Sauer beitar her berre når dei passerer området til og frå beiteområda lenger inne i Ulvådalen.

Framande artar: Vi registrerte ikkje framande artar på eller ved stølen.

Del av heilskapleg landskap: Det er vel rett å hevda at Kabben er ein del av seterlandskapet i Brøstdalen og slik del av eit heilskapleg landskap.

Verdivurdering: Jordal skriv: Området blir verdisatt til A (svært viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med interessante artar og noen rødlistearter i lavere kategori.

Bioreg si vurdering: Kabben setergrend er ein stor og skiftande beitemarkslokalitet med mange vegetasjonstypar innan det inngjerda området. Vi har vore litt i tvil om kor vidt det er rett å oppretthalda A-verdien på denne lokaliteten. Det er svært truleg at beitepresset er for svakt med den buskopen som no beitar på området og det er stadvis tydelege teikn på attgroing. I utgangspunktet er dette likevel ein klar A-lokalitet, kanskje mest pga funn av

¹ Vegen kom frå andre sida den gongen fordi brua over Ulvåa låg lenger oppe.

haustmarinøkkel, ein art som er raudlista som sårbar (VU) i tillegg til at den er freda. Når det i tillegg også er påvist tre andre artar av marinøkkel, m.a. også handmarinøkkel (NT), så er det få lokalitetar i fylket som kan visa til noko liknande. Også funn av trolljordtunge (NT) tel med i verdivurderinga. Sjølv om det berre er handmarinøkkel av desse tre raudlistearartane som er påvist i 2011, så må ein likevel tru at artane framleis er til stades på stølane her. I verdivurderinga veg det også tungt at Kabben må sjåast på som ein del av det verdfulle seterlandskapet i Brøstdalen, noko som er sterkt vektlagt i DN-handbok13. At det framleis er aktiv stølsdrift her må også telja med som eit positivt trekk.

Skjøtsel: (Jordal skriv: Vi har ingen forslag til endringer i bruken av området (beiting) bortsett fra å fjerne lauvkratt langs kantene).

Bioreg si vurdering: Denne typen areal er om ikkje noko blir gjort, i utvikling frå hardt beita og lite tresett seterlandskap over i tilgroingsstadier mot i første omgang lauvskog. Den artsrikdomen ein kan vente har vore av karplanter og som framleis truleg er så nokolunde intakt, vil gå tilbake med beite i staden for slått, særleg viss det blir beita før artane får frødd seg. Beitinga er dessutan flekkvis noko svak, noko ein ser som tilgroing med sølvbunke og litt einer. Det vil truleg vere positivt om ein i periodar deler inn lokaliteten i teigar med straumgjerde slik at ein kan få beita hardare i parti av naturbeitemarka som treng det. Det vil vere positivt om det er fleire dyreslag som vekslar på beitinga sidan dei beiter litt ulikt. Det gjer heller ikkje noko om det blir litt trakk, berre det ikkje blir mykje av det, sidan enkelte artar gjerne vil spire i opa jord. Vidare ville det og vere positivt for artsmangfaldet om ein let små teigar vere i fred til dei har blomstra ferdig, og så slå dei eller beite dei av. Bjørkeskogen bør tynnast innan det inngjerda området og i alle fall ikkje få kome innover i dei områda som framleis er opne. Arealet må ikkje gjødslast.

Kort oppsummert kan ein seia at artsmangfaldet er mest truga fordi det er for få beitedyr her.

Kjelder

Litteratur:

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Fremstad, E. og Moen, A. (red). 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. - NTNU Vitenskapsmuseet. Rapp. bot. Ser. 2001-4: 1-231.

Hagen, M. & Holten, J. I. 1976 Undersøkelser av flora og vegetasjon i et subalpint område, Rauma kommune, Møre og Romsdal. Kgl. norske vidensk. selsk. Mus. Rapp. Bot ser. 1976-6. 82 s Litteratur

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1995 Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1994. Beitemarkssopp og planter i naturenger og naturbeitemarker. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport 2-1995. 95 s. Litteratur

Jordal, J. B. & Stueflotten, S. 2004 Kartlegging av biologisk mangfold i Rauma kommune, Møre og Romsdal. Rauma kommune, rapport. 192 s. + kart.

Rauma Folkebibliotek v/ utval for Normannsamlingen (Gåve på 18.000 bilete frå Andreas Normann): 1993: Setrer i Øvre Romsdalen.

Munnlege kjelder:

Arnfinn Lislien, Rødstøl 6330 Verma Tlf. 920 99 717. Brukar på Sæterbøstølen i våre dagar (2011)

Elisabeth Lislien, Stokke 6330 Verma, Tlf. 481 26 602. Brukar på Sæterbøstølen inntil 1997.

Pål Stavheim, Stavheim N, 2666 Lora, Tlf. 61 24 37 57. Leiar for Kabben og Hånådalen sameielag.

Internett:

Dato

01.10.11

Nettstad

Direktoratet for naturforvaltning, [Naturbase](#)

Ortofoto/kart



Figur 2. Her er avgrensinga av naturbeitemarka på Kabben slik den vart gjort i 2001. Her kunne det nok også ha vore eitt og anna og justert på, men lokaliteten er stor og uoversiktleg med vekslande vegetasjon. Det beste hadde kan hende vore å følgd gjerdet som er oppsett rundt setergrenda?

Bilete



Figur 3. Foto; Øystein Folden 02.09.2011 ©. Rett nedstrøms brua over til Kabben ligg det eit ganske stort inngjerda område som er nytta i samband med sauesankinga om hausten. Det er her sauene vert sortert før dei vert henta med traktor eller bil. I bakgrunnen ser vi ei gamal høyløe som visstnok tilhørde Mjelva- eller Nessetra.



Figur 4. Foto; Øystein Folden 25.06.2011 ©. Borte i skogen i nordaustleg retning frå vegsvingen innpå sjølve stølen ligg denne nedfalls høyløa. Nokon har rydda unna ein del av bjørkeskogen her og som ein ser, så er det mest gras i feltsjiktet. Dette må vi nok tolka slik at også dette var ein del av det inngjerda området tidlegare, og dermed ein del av slåttemarka på Kabben.



Figur 5. Foto; Finn Gunnar Oldervik © 25.06.2011. Dette biletet er frå dei sentrale delane av stølen (Fotografen står truleg på Stavheimstølen). Som ein ser så er bygningsmassen her ein blanding av gamalt og nytt. Om ein ser litt nøyare på tilstanden i feltsjiktet, så har det tydeleg vore for svakt beitepress åra før, då det både er mykje strø og ein del bjørkerenningar.



Figur 6. Foto; Finn Gunnar Oldervik © 25.06.2011. Inne på stølen er det også eitt og anna fuktsiget, noko som er med og skapar variasjon og mangfald i vegetasjonen. Bygningane i bakgrunnen høyrer truleg til Sæterbøstølen.



Figur 7. Foto; Finn Gunnar Oldervik © 25.06.2011. Stadvis, slik som her, er det mykje finnskjegg, noko som fortel oss om eit magert jordsmonn som knapt har vore gjødsla nokon gong. Kjerrevegen i bakgrunnen går eit stykke vidare inn i Ulvådalen.



Figur 8. Foto; Øystein Folden © 25.06.2011. Også her ser ein tydelege teikn på attgroing og det er særleg bjørkerenningane som gjer seg gjeldande.

2. Fremmerbrøste; Horgheim/Holesetra

Fremmerbrøste; Horgheim/Holesetra (82/6 og 82/7)

Innleiing: Den opphavlege skildringa vart laga i år 2000 av John Bjarne Jordal etter ei registrering den 21.06.2000. Jordal må sjølv ha oppdatert skildringa seinare, då eit funn frå juni 2001 er nemnd. Etter oppdrag frå KUR har Bioreg AS oppdatert og justert lokalitetsskildringa i oktober 2011 m.a. for å vurdere om noverande skjøtsel er tilstrekkeleg for å ta vare på dei biologiske verdiane her. Oppdateringa vart gjort m.a. med grunnlag i to naturfaglege undersøkingar, den første 25. juni og den andre den 2. sep., begge i 2011.

Plassering og naturgrunnlag: Horgheim- eller Holesetra som den også vert kalla ligg på ei stor, opa slette som er trelaus og stadvis kortbeita. I området rundt er det beitepåverka fjellbjørkeskog, furuskog og eit tjern. Veggen går like forbi. Berggrunnen i området er frå jordas urtid og består av lagdelt gneis med varierende samansetning. Lokaliteten ligg i nordboreal (NB) vegetasjonssone og i overgangseksjon (OC) på grensa til svakt oseanisk seksjon (O1).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Hovudnaturtypen her er naturbeitemark (D04) og utforminga er ein mosaikk av ymse vegetasjonstypar som; sølvbunkeeng (G3) (D0403) ca 20 %, frisk fattigeng (G4c = fjelltimotei-seterrapp-utforming) (D0404) 20 %, finnskjeggeng og fattig sauesvingeleng (G5b = finnskjegg-fjellmarikåpe-utforming) (D0405) 20 %, medan resten er frisk/tørr, middels baserik eng i høgareliggande strøk og nordpå, Flekkmure-sauesvingel-eng (G8) (D0408) 40 %. Fordelinga er gjort skjønsmessig.

Artsmangfald: Jordal (2001) meiner at vegetasjonen her har noko av det same preget som Sjugurgarden og Kabben, da han registrerte 17 naturengplanter og 7 seterplanter her. Han nemner og førekomstar av bakkesøte og dvergjamne som begge peikar mot litt baserikt jordsmonn. Vidare listar Jordal; fjellmarinøkkel (23 individ 21.06.2000), flekkmure, handmarinøkkel (NT) (6 individ 21.06.2000), haustmarinøkkel (VU) (1 ind. 28.06.2001), gulmaure, hårsvæve og marinøkkel (ca. 22 individ 21.06.2000).

Kva gjeld beitemarksopp så har Jordal registrert 16 arter, noko han held for å vera bra i fjellskog-regionen. Han nemner ikkje andre artar enn to raudskivesoppar i lokalitetsskildringa si, nemleg: *Entoloma pratulense* og *Entoloma xanthochroum*. Begge desse stod på raudlista då dei vart registrert av Jordal i år 2000, men *E. xanthochroum* er no fjerna frå lista. *Entoloma pratulense* er framleis raudlista, no som sårbar (VU). Det har hekkja sårle i nærleiken av setra (1990 og 92), og gluttsnipa bruker vollen som del av sitt territorium (2 varslande 21.06.2000). Møllar hekkja truleg på setra i 1991. Ei sårle hann blei også registrert i 2011.

Artsdatabasen fortel om følgjande soppfunn på Horgheimsetra; Sandrøyksopp, lutvokssopp (NT), raudgul småkøllesopp, gul småfingersopp, fingerfrynsesopp, sitronkragesopp, mørk vorterøyksopp, beiteraудskivesopp og bleikskiva raudskivesopp, dei fem siste funne 16.09.1994 av J.B. Jordal og G. Gaarder, medan resten vart funne den 31.08.2000 av John B. Jordal.

I 2011 vart følgjande 39 planteartar registrert på stølen: aurikkelsvæve, bakkesoleie, bakkesvingel, bjørk, blåbær, dvergjamne, einer, engsyre, finnskjegg, fjellgulaks, fjellmarikåpe, fjellmarinøkkel, fjelltimotei, flekkmure, furu, gauksyre, gran, handmarinøkkel, harerug, kvitmaure, kattedot, krekling, lappvier, lækjeveronika, marinøkkel, ryllik, raud jonsokblom, seterstor, skogfiol, skogstjerne, skogstorkenebb, snauveronika, stemorsblom, sølvbunke, tiriltunge, tunrapp, tyrihjel, tytebær og vassarve. Dei rikaste førekomstane av marinøkkelartar observert i 2011 blei funne på ein inngjerda del rett ved stølshusa. Grasdekket her var tynt.

Dessutan vart det notert gullroselav på bjørk, einsfarga hjelmmorkel, sandrøyksopp samt ganske mykje ruterøyksopp på beitemarka.

Ved besøket den 02.09.2011 vart følgjande beitemarkssopp registrert; Lutvokssopp (NT) (to stader), kritt vokssopp, engvokssopp (fleire stadar), seig vokssopp (også fleire stadar). Dessutan vart to raudlista raudskivesoppar registrert, nemleg semska raudskivesopp *Entoloma jubatum* (NT) og mjølråudskivesopp *Entoloma prunuloides* (VU). Til slutt kan nemnast *Entoloma defibulatum* som har svært få registrerte funn i Noreg, men som knapt er vurdert for raudlista endå.

Bruk, tilstand og påverknad: Horgheimsetra eller Holesetra er delt i to partar, nemleg ein som tilhører Nerhole medan den andre tilhører Øverhole. Det er leiar for Frambrøste sameie, Trygve Leren som eig den eine halvparten (82/6), medan den andre halvparten tilhører Reinholt Ziegler (82/7). Den er i dag nytta som beitemark utan skille mellom dei to stølane og utan at stølane er inngjerda. Det er vanskeleg å sjå kor vidt det biologiske mangfaldet er redusert i høve tidlegare, men i følgje leiar for Fremmerbrøste sameie, Trygve Leren, så var tilstanden betre for nokre år sidan.

Tidlegare bruk: Det var haugianaren, Daniel Arnesen som i 1837 og 1842 kjøpte ein del av Horgheimsetra til Hole. I hundreåret frå ca 1840 til 1940 var det vanleg stølsdrift her oppe med litt vårbeiting, slått og haustbeiting på stølen. Sidan 1940 har ikkje Hole nytta Horgheim-/Holesetra verken til slått eller beite, men i ein periode frå 1940 og utover vart setra bortleigd for stølsdrift til folk frå Lesja. Då stokkegjerde eller risgjerde kring stølen etter kvart rotne ned kunne dei beitedyra som var på beite i Brøstdalen fritt forsyna seg av det som måtte vera av gras på stølen. Så lenge det var drive slått på stølen var den sølvsagt inngjerda og ein må rekna med at det som var av husdyrgjødsel vart nytta for å gjødsla markane her. Kunstgjødsel derimot har truleg aldri vore nytte denne seterstølen. På eine halvparten av stølen (82/6) slo dei og oppbevarte høyet i løe til det vart høveleg sledeføre ein gong utpå vinteren, medan dei lagra høyet i stakk på den andre halvparten (82/7).

Nyare bruk: Beitepresset har vore noko ulikt etter at stølen gjekk over frå slåttemark til beitemark, men den har stort sett vore beita i alle år sidan 1940. Gjødsla på anna måte enn det dyra har lagt att på naturleg måte har det truleg aldri vore. Det beitar mest sauer her no, men stølen har og vore beita av storfe og hest etter årtusenskiftet. Dette var likevel ganske kortvarig, men i følgje leiar for Fremmerbrøste sameie, Trygve Leren, så var stølen mykje finare beita i den perioden, kanskje mest takka vera hestane som også klarte å halda sølvbunken nede.

Framande artar: Vi registrerte ei gran på stølen, men er litt usikker på om dette skal reknast som eit framandt treslag så nær grensa til Oppland. Elles ingen andre artar.

Del av heilskapleg landskap: Ein kan vel med ein viss rett hevda at Horgheimsetra er ein del av seterlandskapet i Brøstdalen og slik del av eit heilskapleg landskap.

Verdivurdering: Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av at dette er ei velutvikla naturbeitemark med ein god del karakterartar og 5 raudlisteartar (2 artar marinøkkel og 3 artar av beitemarkssopp). Dette er ein av svært få lokalitetar i fylket der ein kan finne heile fire marinøkkelartar. At lokaliteten må sjåast på som del av eit heilskapleg kulturlandskap tilseier også A-verdi. Vi såg riktig nok ikkje haustmarinøkkel i 2011, men vi kan likevel ikkje hevda at den er utgått.

Skjøtsel: Denne typen areal er om ikkje noko blir gjort, i utvikling frå hardt beita og lite tresett seterlandskap over i tilgroingsstadier mot i første omgang lauvskog. Den artsrikdomen ein kan vente har vore av karplanter vil gå tilbake med beite i staden for slått, særleg viss det blir beita før artane får frødd seg. Om vi har oppfatta rett, så er det tilfeldig kva for dyr som beitar på stølen no, då den ikkje er inngjerda. I teorien kan alle beitedyr som går fritt i

Brøstdalen beiteområde nytta Horgjemsetra. Det er likevel hovudsakleg sau som beitar i dalen no og truleg er det nokre av sauene til Lars Fransplass som held til mest der.

Beitinga verkar å ha vore for svak på mykje av stølen dei seinaste åra, noko ein ser som tilgroing med sølvbunke og ein god del einer. Det vil truleg vere positivt om ein i periodar deler inn lokaliteten i teigar med straumgjerde slik at ein kan få beita hardare i parti av naturbeitemarka som treng det. Det vil også vere positivt om det er fleire dyreslag som vekslar i beitinga, sidan dei beiter litt ulikt. Det gjer heller ikkje noko om det blir litt trakk, berre det ikkje blir mykje av det, sidan einskilte artar gjerne vil spire i ope jord. Vidare ville det og vere positivt for artsmangfaldet om ein let små teigar vere i fred til dei har blomstra ferdig, og så slå dei eller beite dei av. Mykje av eineren bør fjernast, og lauvskogen langs kantane bør tynnast og i alle fall ikkje få kome innover i den opne naturbeitemarka. Arealet må ikkje gjødslast.

Det viktigaste tiltaket vi vil gjera framlegg om er likevel å få stølen inngjerda. Sauenetting vil truleg vera det beste, men straumgjerde kan også nyttast som ei naudløysing. Ein kan då tilpassa når dyra skal sleppast innpå og når dei skal ut igjen. Truleg hadde det vore best om nokre hestar kunne ha beita her kvart tredje år eller noko slikt. Dette ville ha halde sølvbunken nedåt.

For å få dette til må det nok helst lagast forpliktande avtalar med bønder med høveleg buskap som er interessert i å beita på stølen.

Kjelder

Litteratur:

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Fremstad, E. og Moen, A. (red). 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. - NTNU Vitenskapsmuseet. Rapp. bot. Ser. 2001-4: 1-231.

Hagen, M. & Holten, J. I. 1976 Undersøkelser av flora og vegetasjon i et subalpint område, Rauma kommune, Møre og Romsdal. Kgl. norske vidensk. selsk. Mus. Rapp. Bot ser. 1976-6. 82 s Litteratur

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1995 Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1994. Beitemarkssopp og planter i naturenger og naturbeitemarker. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport 2-1995. 95 s. Litteratur

Jordal, J. B. & Stueflotten, S. 2004 Kartlegging av biologisk mangfold i Rauma kommune, Møre og Romsdal. Rauma kommune, rapport. 192 s. + kart Litteratur.

Rauma Folkebibliotek v/ utval for Normannsamlingen (Gåve på 18.000 bilder frå Andreas Normann): 1993: Setrer i Øvre Romsdalen.

Munnlege kjelder:

Trygve Leren, leiar Fremmerbrøste sameie og eigar av ein halvpart;

Tlf. 911 27 325

Internett:

Dato

01.10.11

01.10.11

Nettstad

Direktoratet for naturforvaltning, [Naturbase](#)

Artsdatabanken, [Rødlista](#) og [Artskart](#)

Ortofotokart



Figur 9. Dette ortofotoet viser avgrensinga som er gjort av John Bjarne Jordal. Denne ser heilt grei ut, slik at vi ser ingen grunn til å endra avgrensinga no.

Bilete



Figur 10. Foto; Finn Oldervik, 25.06.2011. Bilete er tatt i den nedre delen av lokaliteten og som ein ser så er det ein god del strø frå året før i botnen. Dette er eit typisk teikn på at beitepresset er for svakt til å ta vare på verdiane her.



Figur 11. Foto; Øystein Folden 25.05.2011 ©. Biletet er tatt omlag frå midt på stølen og rett nordover, dvs nedover Brøstdalen. Det var truleg dette området som var best beita ved slutten av juni, men om det er ein optimal skjøtsel i høve plantemangfaldet er heller tvilsamt, då dei får lite høve til å frøa seg på den måten. Vi ser også at det byrja å verta ein god del einer no på den tidlegare slåttemarka. For beitemarksfungaen derimot er det viktigast at det er kortbeita om hausten når soppen set fruktlekamar.



Figur 12. Foto; Øystein Folden 25.06.2011 ©. Biletet er tatt omlag frå same stad som det førre, men meir i austleg retning. Også her er det brukbart beita i juni, men i retning hytta i høgre kanten av biletet er det nokså mykje sølvbunke.



Figur 13. Foto; Øystein Folden 25.06.2011 ©. Dette bildet er tatt om lag rett sørover, dvs oppover dalen. Mot høyre i bildet ser ein nokre av stølshusa og ein kan også sjå nokre få flittige skjøtselsarbeidarar i verksemd.



Figur 14. Foto; Øystein Folden 02.09.2011 ©. På haustturen oppdaga vi nokre store fine marinøkklar, riktig nok ved sida av den beita stølen, men likevel innanfor det avgrensa området. Den første er fjellmarinøkkel, medan den andre er handmarinøkkel (NT).

3. Fremmerbrøste; Sjugurgarden

Fremmerbrøste; Sjugurgarden (82/4 m.fl.)

Innleiing: Den opphavlege skildringa blei laga i år 2000 av John Bjarne Jordal etter registreringar 31.08.2000 og 13.09.2000. Det er seinare lagt til nyare observasjonar. Etter oppdrag frå KUR blei så lokalitetsskildringa oppdatert og justert i oktober 2011 av Bioreg AS, m.a. for å vurdere om noverande skjøtsel er tilstrekkeleg for å ta vare på dei biologiske verdiane her.

Plassering og naturgrunnlag: Denne garden er mellom dei inste i Brøstdalen der han ligg i lisida ned mot Ulvåa. Lokaliteten består mest av tørrbakkar kring husa. I området rundt er det beitepåverka fjellbjørkeskog og spreidd furuskog. Vegen går gjennom tunet. Berggrunnen i området er frå jordas urtid og består av lagdelt gneis med varierende samansetning. Lokaliteten ligg i nordboreal (NB) vegetasjonssone og i overgangseksjon (OC) på grensa til svakt oseanisk seksjon (O1).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Hovudnaturtypen her er naturbeitemark (D04) 75%, men i tillegg er det eit areal som enklast kan reknast til artsrik vegkant (D03) 10% og eit anna som truleg vert slått, men ikkje beita då det ligg innanføre gjerdet rundt ei hytte 15 %. Hovudnaturtypen her vert då slåttemark (D01). Dette er frisk tørr, middels baserik eng i høgareliggande strøk og nordpå dvs. flekkmure-sauesvingel-eng (D0108). (Ei av mengdeartane oppgjeve for denne utforminga er kattefot og den var det rikeleg av innanføre gjerdet. Av andre artar der kan nemnast; flekkmure, tiriltunge, raudknapp, engfrytle, harerug, gulaks, sauesvingel, jonsokkoll, blåklokke, tytebær, bråtestorr og aksfrytle). Utformingane knytt til naturbeitemarka er for det meste flekkmure-sauesvingeleng (80%) (G8) (D0408), men også med innslag av dunhavre-dunkjempeeng (20%) (G7b) (D0407). Den artsrike vegkanten kan reknast til tørrbakkeutforming (I2c). Fordelinga er gjort skjønsmessig.

Artsmangfald: Dei første registreringane ein finn som vedkjem denne lokaliteten er frå 16.09.1994 då John Bjarne Jordal og Geir Gaarder noterer grasfleinsopp og spissknolla flathatt. Neste observasjon er frå 31.08.2000 då Jordal har registrert raudgul småkøllesopp, lutvokssopp (NT) og *Entoloma griseocyaneum* (VU).

I rapporten skriv Jordal i 2000: "53 plantearter (18 naturengplanter og 5 seterplanter). Artsutvalget av engplanter er nokså uvanlig i fylket vårt med stort innslag av kontinentale tørrbakkeplanter som dunkjempe, engnellik og sølvmure. Det ble også funnet bakkestjerne, bakkesøte, hårsveve, kattefot, fjellbakkestjerne, fjellmarinøkkel, marinøkkel (over 100 eks 21.06.2000), snøsøte, vill-løk, sauesvingel, flekkmure og gulmaure. Raumas høyeste funn av prestekrage er gjort her ved Sjugurgarden. Hagen & Holten (1976) har også botanisert her i forbindelse med kraftutbyggingsplanene, og fant i tillegg lintorskemunn og bråtestarr. Det er dermed stor likhet med plantesamfunnet i de kulturpåvirka dalene i Grøvu-vassdraget i Sunndal, og lokaliteten har et visst utvalg av kalkkrevende arter. Det er funnet 9 beitemarkssopp (13 artspoeng). En rødlisteart: lillagra rødsdivesopp *Entoloma griseocyaneum*, (VU). Første sikre funn i fylket av to tørreng-tilknyttede røyksopper: *Bovista aestivalis* og *Lycoperdon ericaceum* (begge bestemt av en svensk spesialist, Mikael Jeppson)."

I 2011 vart følgjande 40 planteartar registrert: Aksfrytle, bitterbergknapp, blåklokke, brennesle, bråtestorr, dunkjempe, engbakkesøte, engfrytle, engnellik, engsmelle, finnskjegg,

fjellmarikåpe, fjellmarinøkkel (2x), flekkmure, frøfjellrapp, gulaks, gulmaure, handmarinøkkel (2x) (NT), harerug, hårsvæve, jonsokkoll, karve, kattedot, kvitkløver, marinøkkel, markjordbær, prestekrage, raudkløver, raudknapp, ryllik, seterstor, skogstorkenebb, småsyre, snauveronika, stemorsblom, sølvmure, tepperot, tettegras, tiriltunge og vårpengeurt. Marinøkklane står i tunet. Dessutan var det ruterøyksopp på beitemarka. Ved besøket den 02.09.2011 blei følgjande beitemarkssopp registrert; Kantarellvokssopp, lutvokssopp (NT), krittovokssopp, kjeglevokssopp, liten vokssopp og seig vokssopp. Steinar Stueflotten har følgd lokaliteten gjennom i alle fall dei siste 15 åra når det gjeld fugl. Artar frå raudlista observert i området: tårnseglar, bergirisk, strandsnipe, varslar og stare. Elles kan det seiast at ein truleg hadde registrert fleire karplanteartar på denne lokaliteten om det ikkje alt hadde vore såpass hardt beita ved den første naturfaglege undersøkinga.

Bruk, tilstand og påverknad:

Sjugurgarden er eigentleg to gardar, med felles våningshus, og driftsbygning samanbygd. Eine halvparten er eigd av Kjell Gøran Marstein, medan andre halvparten er det Fredrik Skiri som eig. I den eldste delen av våningshuset på Sjugurgarden finst årstalet 1754. Sjugurgarden er et typisk eksempel på byggeskikken i den øvre delen av Romsdalen på 1800-tallet. Bygningane på garden er i dag restaurert og verneverdige.

Tidlegare bruk: Begge dei to partane av Sjugurgarden vart drive som gardsbruk med fast busetnad fram til 1868. Frå den tid og omlag til 1950 vart den bruka som seter og fritidsbustad, men om sommaren var det budeia som rådde grunnen her. Håkon Skiri fortel at han hugsar at han var med far sin og pløyde opp noko av innmarka der før krigen. Så lenge det var seterdrift var det også slått og gjødsling med husdyrgjødsel.

Nyare bruk: Etter ca 1950 var det slutt både på seterdrifta og slått og innmarka vart mest nytta til beite for ungrøtter. Brit Fransplass (f 1940) fortel at folk frå bygda dreiv litt "ruskeslått" med ljà også i åra etter 1950, men dette varte ikkje så lenge. Det er naboen, Lars Fransplass, (son til Brit) som no nyttar innmarka som beite for sau. Eit stykke vert også slått og dette vert gjødsling på vanleg måte. Det er mest vår og haustbeiting av sau, men det går ein del kopplam og slikt i området ved husa på Sjugurgarden heile sommaren. Også i 2011 er det beita med sau, og etter det vi observert ved besøket den 02.09.2011 var det beita godt nedåt.

Innafor lokaliteten ligg det fleire bruksnummer som ikkje inngår i landbruksdrifta. Inngjerding kan virke positivt viss det blir slått seint, og grasen blir tørka på bakken eit par dagar før det blir tatt bort. Viss det blir klipt som graspen, eller ikkje slått i det heile, kan verdiane fort gå tapt innanføre desse inngjerdingane.

Framande artar: Ingen framande artar er registrert på denne lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap: Sjugurgarden inngår i kulturlandskapet på nordsida av Ulvåa, og må seiast å utgjere ein viktig del av kulturlandskapet i denne delen av Brøstdalen. Det er bygd nokre få hytter i området som bryt litt med det autentiske miljøet som sjølve gardstunet inkludert bygningane på Sjugurgarden utgjør.

Verdivurdering: Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av at dette er ei velutvikla naturbeitemark i god hevd, med ganske stor artsrikdom og tre raudlisteartar, ei

plante (NT), ei raudskivesopp (VU) og ein vokssopp (NT). Dei observerte raudlista fuglane reknar vi ikkje med i verdivurderinga.

Skjøtsel: Naturbeitemarka krev beiting og beitepresset i 2011 virka å vere ganske passande. I tillegg må ein passe på at det ikkje kjem oppslag av einer og lauvtre, men tilstanden i 2011 verka å vera god. Den artsrike vegkanten ligg i tunet. Noko av arealet nærast huset blir klipt som plen, resten blir anten beita av eller slått. Det er viktig at ein del av karplantene får blomstra frå seg og frødd seg, og at graset ikkje blir liggande igjen så det gir gjødselverknad. Arealet må ikkje gjødslast eller sprøytast. Det er også viktig at det ikkje blir ført inn nye artar.

Merknader: Nordaust for lokaliteten finst ei naturbeitemark eller slåttemark som truleg inneheld verdiar som tilseier ein naturtypelokalitet. Dette arealet ligg delvis inne i verneområdet.

Vidare er det ei naturbeitemark eller slåttemark i dei øvre delane av dyrkamarka mot Fremmer-Brøstet som også bør vurderast som lokalitet. Dette arealet ligg utanfor verneområdet.

Observasjonar knytt til desse areala er lagt inn på www.artsobservasjoner.no

Kjelder

Litteratur:

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Fremstad, E. og Moen, A. (red). 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. - NTNU Vitenskapsmuseet. Rapp. bot. Ser. 2001-4: 1-231.

Hagen, M. & Holten, J. I. 1976 Undersøkelser av flora og vegetasjon i et subalpint område, Rauma kommune, Møre og Romsdal. Kgl. norske vidensk. selsk. Mus. Rapp. Bot ser. 1976-6. 82 s Litteratur

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1995 Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1994. Beitemarkssopp og planter i naturenger og naturbeitemarker. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport 2-1995. 95 s. Litteratur

Jordal, J. B. & Stueflotten, S. 2004 Kartlegging av biologisk mangfold i Rauma kommune, Møre og Romsdal. Rauma kommune, rapport. 192 s. + kart Litteratur.

Rauma Folkebibliotek v/ utval for Normannsamlingen (Gåve på 18.000 bilete frå Andreas Normann): 1993: Setrer i Øvre Romsdalen.

Munnlege kjelder:

Håkon Skiri, 6300 Åndalsnes (tidlegare eigar av ein halvpart) Tlf. 909 33 521 eller 71 22 37 20

Fredrik Skiri, Flatmark 6300 Åndalsnes (noverande eigar av ein halvpart) Tlf. 995 42 102

Kjell Gøran Marstein, Marstein 6300 Åndalsnes (eigar av halvparten) Tlf. 970 93 480

Brit Fransplass, Brøste 6330 Verma (tidlegare brukar og mor til noverande) Tlf. 71 22 88 13

Internett:

Dato

01.10.11

01.10.11

Nettstad

Direktoratet for naturforvaltning, Naturbase

Artsdatabanken, Raudlista og Artskart

Ortofoto/kart



Figur 15. Ortofotoet viser den tidlegare avgrensa naturtypelokaliteten ved Sjugurgarden i raudt, medan dei to polygona i blått viser to lokalitetar som burde avgrensast og skildrast som sjølvstendige naturtypelokalitetar. Vi er også litt skeptisk til den gamle avgrensinga, men er i tvil kor vidt vi har kontroll nok til å gjera den særleg betre.

Bilete



Figur 16. Foto; Øystein Folden 25.06.2011 ©. Biletet viser det freda todelte våningshuset på Sjugurgarden. Som ein ser så er vegetasjonen relativt kort her endå og det har neppe vore dyr her og beita.



Figur 17. Foto; Finn Gunnar Oldervik 02.09.2011 (Bioreg AS ©). Biletet viser mykje av dei nedre delane av den avgrensa lokaliteten.



Figur 18. Foto; Øystein Folden 25.06.2011 ©. Her har fotografen stått litt lenger framme enn på det førre biletet. Beitemarka nedom vegen bak grinda til høgre var ganske godt beita alt ved slutten av juni.



Figur 19. Foto; Finn Gunnar Oldervik 02.09.2011 ©. Enga ved det gamle våningshuset på Sjugurgarden er truleg både slått og litt beita, medan vegkanten nærast nok er berre svakt beita. I bakgrunnen ei av fleire hytter ved Sjugurgarden.

4. Alnes; Selen, nordre

Alnes; Selen, nordre (90/4)

Innleiing: Den opphavlege skildringa vart laga i år 2000 av John Bjarne Jordal etter ei registrering den 19.07.2000. Etter oppdrag frå KUR vart så lokalitetsskildringa oppdatert og justert i oktober 2011 av Bioreg AS m.a. for å vurdera om noverande skjøtsel er tilstrekkeleg for å ta vare på dei biologiske verdiane her. Ved husa på det fråflytta bruket på Nordre Selen (sommarbustad) ligg ei gammal slåttemark som i følgje eigaren ikkje er pløyd på minst 40 år.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg eit stykke oppe i Romsdalen mellom Horgheim og Marstein, men på motsett side av elva, - nærare bestemt rett sør for jernbanebrua nord for Alnes. Berggrunnen består av sillimanitthaldig, kvartsrik gneis, nokre stadar med kyanitt. Lokaliteten ligg i sørboreal (SB) vegetasjonssone og i svakt oseanisk vegetasjonssesjon (O1).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Hovudnaturtypen her er slåttemark (D01) og utforminga må definerast hovudsakleg som; Frisk fattigeng (G4a) (D0104) 70%, medan resten er sølvbunkeeng (G3) D0103 30 %.

Artsmangfald: I år 2000 vart det notert 32 planteartar i enga, av desse 12 naturengplantar. Av artar nemner Jordal følgjande: aurikkelsvæve, gjeldkarve, harerug, kjertelaugnetrøyst, kvitmaure, prestekrage, smalkjempe, småengkall og sumpmaure. Det vart funne berre ein art av beitemarkssopp i 2000, nemleg limvokssopp, *Hygrocybe glutinipes*.

I 2011 vart følgjande 63 planteartar notert innan lokaliteten; Aurikkelsvæve*, bjørk, bleikstorr, blåkoll*, blåklokke*, bringebær, einstape, engfrytle*, engsoleie, engsyre, firblad, firkantperikum, fjellflokk, flekkmarihand, fuglevikke, fjellblom*, gjeldkarve*, gjerdevikke, grasstjerneblom, gulaks*, gulflatbelg, harerug*, hassel, hegg, hundegras, hundekjeks, jordnøtt*, karve*, kjertelaugnetrøyst*, kvitblattistel, kvitkløver, kvitmaure*, lækjeveronika*, markjordbær, perlevintergrøn, prestekrage*, raudknapp*, raud jonsokblom, raudkløver, ryllik, rynkerose, selje, skjermvæve, skogsnelle, skogstorkenebb, sløke, smalkjempe*, småengkall*, småmarimjelle, stormarimjelle, stormaure*, stornesle, sølvbunke, tepperot, tiriltunge*, tviskjeggveronika og vendelrot. Av beitemarkssopp vart følgjande artar registrert i 2011: gul vokssopp, limvokssopp, liten mønjevokssopp, grøn vokssopp og liten vokssopp. Også i 2011 var limvokssopp talrik på lokaliteten. Også dei andre beitemarkssoppene er vanlege artar utan særskild indikatorverdi. Av andre soppar kan nemnast grøn anistraktsopp. Artane merka med stjerne er dei mest typiske naturengplantane, medan dei to som er understreka, - rynkerose og fjellflokk er hagerømlingar og slik rekna som framande artar.

Bruk, tilstand og påverknad: Det har ikkje vore fastbuande på Nordre Selen sidan 1923 då den siste brukaren drog til Amerika. Noko husdyrhald har det heller ikkje vore sidan den tid. Ein veit ikkje så mykje om storleiken på buskapen den gongen, men her var både kyr, sauer og gris i følgje noverande eigar, Jostein Tryggeset.

Tidlegare drift: Det var bestefar til nemnde Jostein, Jørgen Flatmark som kjøpte bruket i 1923. Jørgen var gardbrukar på ein av Flatmarkgardane og han dreiv på den måten at han slo gras på Selen og køyrde det heim til Flatmark. Slik var vel drifta til slutten av 1940-talet då Jørgen døydde. Etter den tid var det Jenny Flatmark, dotter til Jørgen som tok over saman med mannen Karl Tryggeset. Ein veit ikkje så mykje om drifta på bruket den tida desse hadde Selen, men heller ikkje dei budde på staden. På 1960-70-talet var det naboen på andre sida av jarnvegen, Jarle Sogge som nytta jorda som beitemark for kyrne sine.

Noverande drift: I 1978 tok noverande eigar, Jostein Tryggeset over Nordre Selen. Han har slått omlag halve bruket vekselvis annakvart år. I alle fall i seinare år har gras ikkje vore

fjerna anna enn nærast husa, noko som gjer at enga har eit noko gjødsla preg. Stort sett så har det vore slått seint på sommaren heile tida. Det har ikkje vore gjødsla på Selen på lang tid, - og heilt sikkert ikkje sidan 1978. Det beitar heller ikkje husdyr i nærleiken lenger, men ein sauebonde bur ikkje så veldig langt unna. Med solid gjerde kring innmarka kunne det kanskje ha vore muleg å få låna nokre av desse for etterbeiting om hausten.

Framande artar: Rynkerose som saman med fjellflokk er dei to framande artane som vart registrert her i 2011.

Del av heilskapleg landskap: Nordre Selen ligg såpass for seg sjølv at lokaliteten ikkje kan sjåast på som del av eit heilskapleg kulturlandskap. Men det er viktig å nemne at det vest for lokaliteten er ein lokalitet med rik sumpskog og ein med rikmyr. På Søre Selen er det ein lokalitet med naturbeitemark (som visst ikkje blir beita lenger?). Alle desse lokalitetane har verdi B (viktig). I den tida det var husdyr i området må ein rekne med at dette var lokalitetar tilhøyrande ein heilskap.

Verdivurdering: Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er ei velutvikla slåtteeng med eit ganske stort artsmangfald, ikkje minst av naturengplantar. Manglande fjerning av gras gjer truleg at i alle fall ein del av dei mest ljuskrevjande artane manglar. Med rett skjøtsel har vi tru på at denne lokaliteten snart vil kunne bli ein A-lokalitet.

Skjøtsel: Skjøtselen som vert utført no er for dårleg til at artsmangfald og slåttemarksstruktur vert godt nok ivareteke. Slåtten må utførast i andre halvdel av juli eller først i august, årleg. Det er viktig at det blir slått heilt ut i kantane. Dessutan må alt gras fjernast etter å ha turka to-tre dagar på marka, ev. i hesje. Det er ønskeleg at enga vert slått også i framtida. Lett beiting på seinsommar og haust er ein fordel. Eit parti i nordkanten har eit ganske stort innslag av einstape. For å få bukt med denne må ein slå einstapa med kjepp slik at stilken får ein knekk utan å verta kutta. Etter nokre slike omgangar vil rotsystemet på einstapen verta utarma og etter kvart forsvinna heilt. Vidare er det nokre stader nyperosekjerr som bør fjernast. Det er også vesentleg at skogen rundt blir halde på avstand. Tynning av skogen år om anna er naudsynt, men ein skal vise varsemd på vestsida slik at ein ikkje tar for seg i lokaliteten med rik sumpskog. Slåttemarka må ikkje gjødslast, sprøytast eller pløyast.

Kjelder

Litteratur:

- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.
 Fremstad, E. og Moen, A. (red). 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. - NTNU Vitenskapsmuseet. Rapp. bot. Ser. 2001-4: 1-231.
 Hagen, M. & Holten, J. I. 1976 Undersøkelser av flora og vegetasjon i et subalpint område, Rauma kommune, Møre og Romsdal. Kgl. norske vidensk. selsk. Mus. Rapp. Bot ser. 1976-6. 82 s Litteratur
 Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1995 Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1994. Beitemarkssopp og planter i naturenger og naturbeitemarker. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport 2-1995. 95 s. Litteratur
 Jordal, J. B. & Stueflotten, S. 2004 Kartlegging av biologisk mangfold i Rauma kommune, Møre og Romsdal. Rauma kommune, rapport. 192 s. + kart Litteratur.

Munnlege kjelder:

Jostein Tryggeset, Gamlevegen 155, 2615 Lillehammer ;

Tlf. 911 27 325

Internett:

Dato

01.10.11

01.10.11

Nettstad

Direktoratet for naturforvaltning, [Naturbase](#)

Artsdatabanken, [Raudlista](#) og [Artskart](#)

Ortofoto/kart



Figur 20. Dette ortofotoet viser avgrensinga (den grøne) som er gjort av John Bjarne Jordal. Denne ser heilt grei ut, slik at vi ser ingen grunn til å endra denne.

Bilete



Figur 21. Foto; Øystein Folden ©, 25.06.2011. Bilete er tatt frå tunet mot elva. I bakgrunnen ser ein jernvegsbrua som fører over til sørsida av Rauma. For å koma seg fram til Selen må ein kryssa jernvegen via ein ganske trong undergang. Som ein ser, så er det slått ein god del alt den 25. juni, noko som vert altfor tidleg med tanke på optimal skjøtsel.



Figur 22. Foto; Øystein Folden © 25.06.2011. Dette biletet er tatt i nærleiken av tunet i retning mot vest. Eit areal er slått og dette vert bruka for ballspel. Det er venteleg grus, sand og finare masse som er kome med elva som utgjer grunnen på denne lokaliteten. Truleg er det toppen av ei stor steinblokk frå eit av mange ras frå dei høge fjella som vi ser på biletet.



Figur 23. Foto; Øystein Folden © 25.06.2011. Biletet er tatt meir i retning nordvest og viser det nordvestlegaste hjørnet av lokaliteten. Mot skogen i bakgrunnen byrjar det å verta ganske mykje einstape og denne må ein få bukt med ved hjelp av ein spesiell teknikk som er nærare forklart i avsnittet om skjøtselstiltak. Ei lita gruppe med tre litt til høgre for midten av biletet kan få vere, men det er greitt om ein passer på at ho ikkje får breie seg. Det er aurikkelsvæve som lyser så gult i retning treklynga.



Figur 24. Foto; Øystein Folden © 25.06.2011. Biletet er tatt i sørleg retning og viser vel det som er den artsrikaste delen av slåttemarka. Men også her ber ho eit litt gjødsla preg, slik at dei minste og mest ljuskrevjande artane nok har temmeleg kummerlege tilhøve på enga no. Fjerning av det slåtte graset er svært viktig for å oppnå ein optimal skjøtsel. Heilt til venstre ser ein plassen der kvist blir brent. Der finst også brennesle og fjellflokk kasta med hageavfall.